



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2002–2003)

Statlege utval, styre og råd mv.
1. januar – 31. desember 2001

Innhold

1	Innleiing	5	4	Representativitet	8
2	Omfanget av utvalssystemet – endringar sidan 2000	5	5	Måla i neste fireårsperiode	9
3	Samansetting av utval, styre og råd i 2001	5	6	Opplæring	9
		6			



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2002–2003)

Statlege utval, styre og råd mv. 1. januar – 31. desember 2001

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 20. desember 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Arbeids- og administrasjonsdepartementet legg med dette fram St.meld. nr. 15. (2002–2003). Statlege utval, styre og råd som har vore verksame i perioden 1. januar til 31. desember 2001. Departementet fremjar i år melding. Dette er i tråd med Stortinget sitt ynskje frå 1987, då det vart avgjort at ein berre fremjar melding kvart fjerde år. Stortingsmelding nr. 7 vart sist lagd fram i 1998.

Meldinga inneheld berre statlege utval, styre og råd, og ikkje dei kommunale og fylkeskommunale organa. Som innleiing til oversikta har ein først ei samanlikning med 2000 på endringane hjå dei einskilde departementa. Etter dette kjem ei rekke tabellar som samanfattar nokre av hovudtrekka ved dei kollegiale organa i 2001. Deretter vert det gjort greie for regjeringa sin politikk på området. Til slutt fylgjer ei fullstendig oversikt over dei einskilde organa og medlemmene i dei. Samansetjinga av utvala er ajourført pr. 31. desember 2001, men dei medlemmene som er skifta ut i

løpet av 2002, er ikkje tekne med. Oversikta bygger på opplysningar frå departementa og Statsministerens kontor. Innsamling og handsaming av datamaterialet og redaksjonell tilrettelegging er utført av Statens forvaltningsteneste. Anonymiserte data vil vere tilgjengelege for forskingsformål hjå Norsk samfunnsvitskapleg datateneste ved Universitetet i Bergen.

2 Omfanget av utvalssystemet – endringar sidan 2000

Det var 533 utval, styre og råd i verksemd ved utløpet av 2001. Dette er 10 færre enn ved utgangen av 2000. Ved siste årsskifte var det 468 faste og 59 mellombels statlege utval, styre og råd.

Delen kvinner er om lag den same som i 2000, og er framleis på om lag 42 pst.

Den geografiske fordelinga mellom dei ulike landsdelane har også halde seg noko nær uendra.

Tabell 2.1 Endringar i talet på statlege utval, styre og råd og utval mellom dei ulike departementa

	Faste og mellombels organ i 2000	Faste og mellombels organ i 2001
Statsministerens kontor	4	4
Utanriksdepartementet	14	14
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	64	62
Kulturdepartementet	37	39
Justisdepartementet	91	94
Kommunal- og regionaldepartementet	34	24
Sosial- og helsedepartementet	110	103
Barne- og familiedepartementet	10	9
Nærings- og handelsdepartementet	42	43
Fiskeridepartementet	15	20
Landbruksdepartementet	35	31
Samferdselsdepartementet	4	4
Miljøverndepartementet	5	6
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	20	24
Finansdepartementet	23	20
Forsvarsdepartementet	18	15
Olje- og energidepartementet	17	21
Til saman	543	533

3 Samansetting av utval, styre og råd i 2001

Tabell 3.1 syner korleis dei ymse utval, styre og råd er fordelte mellom dei ulike departementa i 2001. Sosial- og helsedepartementet skil seg framleis klart ut som det departementet med dei fleste slike organ knytte til seg.

Tabell 3.1 Talet på statlege utval, styre og råd fordelte på departementa pr. 31.12.2001.

	Faste	Mellombels	I alt
Statsministerens kontor	1	3	4
Utanriksdepartementet	13	1	14
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	60	2	62

	Faste	Mellombels	I alt
Kulturdepartementet	38	1	39
Justisdepartementet	77	17	94
Kommunal- og regionaldepartementet	19	5	24
Sosial- og helsedepartementet	95	8	103
Barne- og familiedepartementet	8	1	9
Nærings- og handelsdepartementet	37	6	43
Fiskeridepartementet	17	3	20
Landbruksdepartementet	29	2	31
Samferdselsdepartementet	3	1	4
Miljøverndepartementet	3	3	6
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	20	4	24
Finansdepartementet	17	3	20
Forsvarsdepartementet	15	0	15
Olje- og energidepartementet	19	2	21
Til saman	471	62	533

Utvalsmedlemmene

Ved årsskiftet var det i alt 5969 verv fordelte på i alt 5833 personar. Som ein ser av tabell 3.2, er dei aller fleste med berre i eitt utval, styre eller råd. Dette gjeld både for kvinner og menn.

Tabell 3.2 Talet på kvinner og menn i høve til antal verv i statlege utval, styre og råd ved utgangen av 2001.

	Kvinner	Menn	I alt
1 verv	1927	2675	4602
2 verv	368	526	894
3 verv	119	180	299
4 verv	70	37	107
5 verv	10	20	30
6 verv	5	18	23
7 verv	0	0	0
8 verv eller meir	0	14	14
Til saman	2499	3470	5969

Tabell 3.3 Prosentvis fordeling av styreverv

Talet på verv	Prosentdel
1 verv	77
2 verv	15
3 verv eller fleire	8

Kjønnsfordeling

Kvinnedelen er stabil på om lag 42 pst både i 2000 og 2001. Det er likevel verd å merke seg at skilnaden enno er stor mellom dei ulike departementa. Under ein femtedel kvinner finn ein berre for Forsvarsdepartementet og Olje- og energidepartementet, men delen av kvinner er låg jamvel for Samferdselsdepartementet, Statsministerens kontor, Nærings- og handelsdepartementet og Fiskeridepartementet sin del. Barne- og familiedepartementet skil seg framleis ut som departementet med den høgste kvinnedelen tett fylgt av Miljøverndepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kulturdepartementet og Sosial- og helsedepartementet.

Tabell 3.4 Prosentvis fordeling av verva mellom kvinner og menn i statlege utval, styre og råd i 2001.

	Kvinner	Menn
Statsministerens kontor	21	79
Utanriksdepartementet	38	62
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	48	52
Kulturdepartementet	47	53
Justisdepartementet	43	57
Kommunal- og regionaldepartementet	47	53
Sosial- og helsedepartementet	44	56
Barne- og familiedepartementet	53	47
Nærings- og handelsdepartementet	33	67
Fiskeridepartementet	35	65
Landbruksdepartementet	40	60
Samferdselsdepartementet	24	76
Miljøverndepartementet	41	59
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	45	55
Finansdepartementet	44	56
Forsvarsdepartementet	18	82
Olje- og energidepartementet	26	74
Gjennomsnitt TOTALT	42	58

Tabell 3.5 Fordeling av ulike typar verv mellom kvinner og menn i prosent.

Funksjon	Kvinner	Menn
Leiar	26	74
Nestleiar	41	59
Sekretær/medlem	35	65
Medlem	44	56
Varamedlem/nestleiar	34	66
Varamedlem	44	56
Gjennomsnitt	42	58

Ein finn framleis ein klår skilnad mellom menn og kvinner når ein ser på kva for verv dei har i utval, styre og råd. Medan nestleiarfunksjonen er om lag jamt delt mellom menn og kvinner, er det enno berre ein firedel av dei som vart leia av kvinner.

Tabell 3.6 Medlemmene fordelte etter alder likna med aldersfordelinga i befolkninga i prosent.

	Prosentdel av utval styre- og rådsmedlemmene,	Prosentdel av folkemengda pr. 01.01.2002
16–29 år	3	19
30–49 år	34	29
50–64 år	47	17
65 el. eldre	16	13

Alderssamansetting

Dei eldste, men særleg dei yngste årsklassane er såleis framleis sterkt underrepresenterte i statlege utval, styre og råd.

Geografisk fordeling

Det er enno store skilnader mellom landsdelane når det gjeld deltaking i utval, styre og råd. Framleis er dei sentrale områda på Austlandet godt overrepresenterte, medan Sør- og Vestlandet har lågare deltaking enn kva som høver for folkemengda.

Om ein bryt tala ned på dei einskilde fylka, ser ein endå klårare korleis Oslo og Akershus dominerer dei kollegiale organa. Overrepresentasjonen frå Oslo, og i ein viss mon frå Akershus, skuldast truleg at mange av organisasjonsrepresentantane er busette i det sentrale Austlandsområdet.

Tabell 3.7 Geografisk fordeling i prosent av medlemmer i utval, styre og råd i høve til folkemengda.

Fylke	Med- lemmer	Vara- med- lemmer	Totalt	Prosentdel av folke- mengda 01.01.2002
Østfold	2,7	2,6	2,7	5,6
Akershus	15	13	14	10,5
Oslo	31	26	29	11,3
Hedmark	2,3	3	2,6	4,2
Oppland	2,2	2,3	2,3	4
Buskerud	3	3	3	5,3
Vestfold	2,5	2,9	2,6	4,8
Telemark	1,7	1,8	1,8	3,7
Aust-Agder	1,1	0,8	1	2,3
Vest-Agder	1,7	1,5	1,7	3,5
Rogaland	4,1	3,7	4	8,4
Hordaland	6,3	6,8	6,5	9,7
Sogn og Fjordane	1,1	1,9	1,4	2,4
Møre og Romsdal	2,6	2,1	2,6	5,4
Sør- Trøndelag	5,2	5,2	5,2	5,9
Nord- Trøndelag	1,7	2,2	1,9	2,8
Nordland	3,4	4,2	3,7	5,2
Troms	4,2	4,2	4,2	3,4
Finnmark	3,2	4,1	3,6	1,6
Svalbard	0,2	0,1	0,2	
Fylke – ikkje kjent	0,2	0,1	0,2	

Tabell 3.8 Geografisk virkeområde for organa som var i verksemd 31.12.2001. Absolutte tal

	Faste	Mellom- bels	Totalt
Internasjonalt	31	1	32
Nordisk	4	1	5
Nasjonalt	249	43	292
Regionalt	74	0	74
Lokalt	79	0	79
EU/EØS	1	0	1
Ukjent	13	1	14
Totalt	451	46	497

Tabellen syner kva for virkeområde dei ulike organa har. Som naturleg er for statlege utval, styre og råd opererer langt dei fleste kollegiale organa

na på nasjonalt nivå. Regionale organ er dei kollegiale organa som opererer minst innafor eitt fylke. Regionale og lokale organ omfattar for det meste skular.

4 Representativitet

I den neste fire-års perioden ynskjer regjeringa å arbeide for å styrke representativiteten i dei kollegiale organa.

Utval, styre og råd er meint å sikre innsyn, deltaking og medverknad og skal tene som eit viktig og nyttig supplement og korrektiv til den faglege kompetansen i forvaltinga. Ein måte å sikre dette på, er å gjere dei kollegiale organa mest mogleg breitt samansette. Det er viktig å freiste å få med folk med varierende bakgrunn og med annan kompetanse enn i embetsverket. Dette kan føre nye idear og synspunkt inn i forvaltinga.

Totalt sett er kvinnedelen 42 pst for utval, styre og råd for 2001. Dette er i tråd med krava som vert stilte i likestillingslovas paragraf 21. Sjølv om det totalt er 42 pst kvinnedel, vert berre 26 pst av dei kollegiale organa leia av kvinner. Nestleiarvervet er bortimot likt fordelt mellom kvinner og menn. Regjeringa ynsker å styrke kvinnedelen i leiarposisjonar i løpet av den neste fireårs perioden.

Når ein ser vidare på deltakarane, er det ei skeiv fordeling aldersmessig og geografisk. Det er særleg dei yngre og eldre som er kraftig underrepresenterte i høve til deira del av folkemengda. T.d. var det i 2000 berre 3 pst av medlemmene som var i aldersgruppa 16–29 år, medan denne gruppa utgjorde 21 pst av befolkninga. Vidare var det 6 pst som var 65 år eller eldre, medan dei utgjorde 16 pst av befolkninga. I tillegg var det ei skeiv fordeling geografisk. Mellom anna hadde Oslo/Akershus 45 pst av utvalsmedlemmene, medan 21 pst av befolkninga bur her. Dei kollegiale organa liknar difor i samansetting meir på forvaltinga sjølv enn på befolkninga elles.

For å sikre den demokratiske dimensjonen i utval, styre og råd ynskjer regjeringa å styrke dei yngre og eldre sin plass i dei kollegiale organa. Ein treng alternativ kunne i dei kollegiale organa. I den samanheng er posisjonen deira som ein representativ kanal særst viktig.

Når det gjeld geografisk spreining av medlemmene, er det gjerne forklart ved at mange av dei kollegiale organa held til i Oslo/Akershus regionen og det fører igjen til at mange frå dette området deltek i desse. Det er likevel mogeleg å gje utvala ei samansetting som betre svarar til befolkninga.

Regjeringa vil gjere sitt for å sikre at Sametinget og/eller representantar for nasjonale minoritar blir rekrutterte der det er relevant. I tillegg vil regjeringa ha med fleire personar med innvandrarbakgrunn i utval, styre og råd, fordi dette er ei gruppe som i for liten grad deltek i dei kollegiale organa. Deira kompetanse er også viktig for å sikre alternativ kunnskap og bakgrunn. Også i eit demokratisk perspektiv er det viktig å få desse med. På dette området vil Regjeringa bl.a. vurdere bruk av referansegrupper og/eller høringsgrupper for å sikre at mangfaldet og det fleirkulturelle blant brukargruppene generelt blir ivaretatt der det er nødvendig og relevant ift oppgåveområdet.

5 Måla i neste fireårsperiode

Måla i kommande fireårsperiode vil vere:

1. Regjeringa har som mål at det skal vere minst 40 pst representasjon av kvart kjønn i statlege utval, styre og råd. Dette skal gjelde for alle departementsområde. Regjeringa har som mål å auke kvinnedelen i leiarposisjonar i statlege utval, styre og råd i fireårsperioden.
2. Regjeringa har som mål å betre den geografiske spreinga i rekrutteringa til statlege utval, styre og råd, og elles styrke rekrutteringa frå dei yngre aldersgruppene.
3. Regjeringa vil vere med på å sikre at personar med innvandrarbakgrunn også blir rekrutterte, likeins vil regjeringa gjere sitt for å sikre at Sametinget og/eller representantar for nasjonale minoritetar blir rekrutterte der det er relevant. På dette området vil Regjeringa bl.a. vurdere bruk av referansegrupper og/eller høringsgrupper for å sikre at mangfaldet og det fleirkulturelle blant brukargruppene generelt blir ivaretatt der det er nødvendig og relevant ift oppgåveområdet.
4. Regjeringa vil som ledd i moderniserings- og effektiviseringsarbeidet i offentleg sektor vurdere å redusere talet på medlemmer med 10 pst i permanente og mellombels statlege utval, styre og råd.

6 Opplæring

Stortingsmelding nr. 15 og dei årlege oversiktene over statlege utval, styre og råd viser at det sit over 5500 personar i ulike kollegiale organ.

Det vert i dag ikkje gjeve nokon sentral opplæring i kva for plikter og rettar ein har når ein er medlem av et slikt organ. Kriteria for å delta i kollegiale organ varierer, og er ofte tufta på spesifikk fagleg kompetanse. Ein er ikkje kjend med at det finst direkte regelfesting av krav til særleg kompetanse for styremedlemmer. Statsforetakslova har ei bestemming om erstatnings- og straffeansvar for styremedlemmer, jf. statsforetakslova §§ 56 og 58.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet er merksam på at ein del nye medlemmer er usikre med omsyn til kva for rettar og plikter ein har i utval, styre og råd. Regjeringa vil difor ta eit initiativ til opplæring av medlemmer i kollegiale organ. Opplæringa bør konsentrere seg om kjennskap til lovverk, særleg til forvaltningslov og offentlighetslov. Desse er kanskje ikkje godt nok kjende blant mange av medlemmene, sidan ikkje alle har bakgrunn frå forvaltninga eller god kjennskap til korleis offentleg forvaltning fungerer. Det er viktig å sikre seg at alle, og kanskje særleg styremedlemmer, har god nok kjennskap til kva for eit ansvar dei tek på seg før dei går inn i rolla som deltakar i eit kollegialt organ.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 20. desember 2002 om statlege utval, styre og råd mv. 1. januar – 31. desember 2001 blir send Stortinget.

